

Saksbehandlar: Ole-Christian Sunde Grytten, Administrasjon og innovasjon  
Sak nr.: 21/3448-1

## **Finans- og gjeldsrapportering 3. tertial 2020**

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Kommunestyret tek rapporten for finans- og gjeldsrapportering 3. tertial 2020 til vitande.

**Vedlegg:  
Rapport - Finans- og gjeldsrapportering 3. tertial 2020**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Innleiing**

Rapport for 3. tertial 2020 rapporterer for perioden frå 01.01.2020 til 31.12.2020. Rapporten skal vise korleis kommunen sine finansielle midlar (aktiva) og gjeld (passiva) har endra seg gjennom perioden. Rapporten ligg i heilskap som vedlegg.

### **2. Kort om rapporten**

- Generell marknadsvurdering: Økonomien er i ferd med å hente seg inn igjen etter eit utfordrande 2020. Det er venta låge renter framover, men dei vil auke gradvis.
- Midlar til driftsføremål:
  - Grunna vesentleg lågare renter blei budsjettet redusert til 1,1 mill. kroner i andre tertialrapport. Inntektene vart 52 000 kroner høgare enn i forventa i revidert budsjett per 2.tertial.
  - Likviditeten i 2020 har vore tilstrekkeleg til å dekke løpande utgifter, inkl. investeringar, samstundes som ein har hatt ein buffer til å handtere eventuelle uføresette kostnadar.
- Midlar til langsiktig forvaltning:
- Per 31.12.2020 har Sogndal kommune 105,2 mill. kroner til forvaltning, ei auke på 5,57 mill. kroner i 2020. 35,2 prosent av portefølja er plassert i aksjar. Dette i tråd med reglementet.

- Gjeldsforvaltning:
  - Per 30.04 har Sogndal kommune 1.114,6 mill. kroner i gjeld, ei auke på 93,9 mill. kroner samanlikna med 31.12.2019. Det vart betalt 44 mill. kroner i avdrag (eks startlån) i 2020. Dette tilfredsstiller kravet til betaling av minimumsavdrag.
  - Renterisiko, rentebindingstid og refinansieringsrisiko er nærare omtala i rapporten. Gjeldsforvaltninga er i tråd med reglementet.
  - For 2021 vart renteutgifter (eks startlån) opphøveleg budsjettert til 24,82 mill. kroner (eks startlån). Grunna kraftige fall i rentene vart renteutgiftene på 15 mill. kroner i 2020.

### **3. Konklusjon**

Sogndal kommune si forvaltning av finansielle midlar og gjeld er i tråd med «Reglement for finans- og gjeldsforvaltning i Sogndal kommune».